

## STORE UTFORDRINGAR – LOKALE LØYSINGAR

Alver kommune no, tidlegare Lindås, Meland og Radøy, gjekk i bresjen for, gav pengar til , å få opprette Unesco si første Biosfæresatsing i Nordhordaland. At Politikere i vårt område turde å søke, og løyva pengar til, at ei slik ny viktig satsing kom til vårt område, var utruleg stort.

Hovedmålet for denne satsinga er « å bygge på det beste frå fortida og legge til rette for ei framtid som sikrar bærekraftig bruk av alle ressursane i samfunnet – til nytte og glede for folk i dag og for komande generasjoner ». Me i Alverland prosjektet samarbeider tett med Biosfæresatsinga i Nordhordaland ( vedlegg 1).

Me ser at FN bærekraftmål er og innarbeide i den nye Planstrategien for Alver Kommune for Åra 2020-2023, noko og Regjeringa har sluttat seg til . Det blir og nevnt at kommunen har som ein av sine grunnpilarer , å Involvere innbyggerne og legge stor vekt på arbeidsplass og næringsutvikling.

Alverland er eit grasrotiniativ, for å ta fatt i nokre av dei utfordringane me møter globalt, nasjonalt og lokalt. Me er fire personar som vil vise at me det finns nye , kreative løysingar på utfordringer. Me tenkjer stort men me starter med oss sjølv, lokalt. Me trur at løysingane er her, ofte « rett under naso » og at « mange bekker små faktisk, ksn bli ei stor Å ». Me har tru på at små bruk som i dag ligg nede, kan bli viktige næringsaktører i ei bygd . Her kan ein kommune få mange nye innbyggere, store skatteinntekter og mange arbeidsplasser. Eit lite bruk kan generere mange ringar i vatnet i lokalsamfunnet.

Det blir sagt at kvar dag blir ein landbrukseiendom lagt ned i Noreg. I ALVER er nesten 20 prosent av den dyrkbar jorda ute av produktiv drift. I ei tid med økende global avhengighet, klimautfordringer og

mpandemi, er det viktig viktig å finne løysingar . Me treng all den matjord me har, i drift.

Me veit at ein stadig større del av våre innbyggere er einslege. Einsemd er og eit aukande problem. Dette merkast spesielt godt i denne rare tida me nå er i.

Mange gamle, fine hus « rotnar" på rot rundt i vår kommune. Er det Slik me forvaltar vår kulturarv. Desse husa er ein del av vår kultur og tradisjon. Dei er del av vår historie, del av oss og vår identitet, kven vi er, og er verdt å verne. Me ynsjer å ta desse husa i bruk igjen.

Me håper og trur , at me er del av ein kommune som er åpen og visjonær. Som leitar etter og er kreativ , for å finne dei dei « gode" løysingane på mange av dei utfordringane me står ovanfor som menneske både lokalt og på andre plan.

Prosjektet vårt er todelt.

## Del 1.

### Dei første åra

Me har kjøpt ein gård , tre eigalar. Garden som har lagt nede i 50 år er i svært dårlig stand. Bolighus er i dårlig stand og driftsbygningen er det kun steinmuren igjen av. Ingen infrastruktur finns. Konsesjon er gitt med bu og driveplikt . I desse dager blir det bygd vei og grunnlaget lagt til ny infrastruktur. Så me treng kommunal vilje, tid og hjelp til å få opp tak over håve , til oss alle 3 , som har fått konsesjonen til å drive bruket ,Me vil og bygge opp at næringbygget der me skal drive våre verksemder.

## Del 2

### Alverland visjonen.

Å skape ei næringsklynge på eit klyngetun. Me ynskjer at mange vanlige familier byggjer eit felleskap på eit småbruk med både boliger og mange små bedrifter., og driv jorda ilag. For å få folk til å velje landsbygda som buplass ,for å snu Straumen mot byar, treng ein tilby folk meir enn Eit hus.

Me gir gode løysingar på mykje , i vår plan med Alverland Me møter krevjande STORE problemområdene med gode konkrete, heilt lokale løysinger. Me vil gjera, det me gjera, HER OG NO, . At framtida kan bli god for oss, våre barn og deira etterkommere. Dei mål me planlegg etter må ha perspektiv på 100 år og meir, ikkje berre ut ein valgperiode.

### Det me vil

Alverland, utfordrer dagens lovverk med kva ein kan gjere på eit småbruk, men burde ikkje være umogleg å få få til, visst det er vilje til det. Det utfordrer og arealplaner i kommunen.

For å skape noko bærekraftig i eit landskap med mange utfordringer vil me involveres i arbeidet med kommunens planprosess for areal og samfunnsutvikling ,for å realisera Alverland Me er innbyggere som vil involverast , noko kommunen ynskjer

ME ynskjer å bli eit pilotprosjekt for Bærekraftsatsinga i Kommunen og regionen vår. Me har tru på at prosjektet vårt kan bli ei ny Merkevare for Alver, som kan implementerast og andre stader, nasjonalt og internasjonalt. Eit prosjekt som har bulyst og næring på bygda, i fokus. Eit prosjekt som gjev svar på utfordringar .

Me treng fødselshjelp til prosjektet. Eit av prosjekta som kan gjere at Biosfæreressatsinga i Nordhordaland blir meir enn enda ei satsing som bunner ut i å være berre fine ord på eit papir.

Forskning viser og at prosjekt som starter nedanfrå, som grasrotinitiativ, er meir levedyktige og varige enn prosjekt som blir « tredd ned over hodet på folk» frå toppen og ned, og krev store budsjetterte midler. Det er prosjekt som startar nedanfrå, ofte med mykje dugnadsarbeid og eit sterkt ynskje for endring frå folk sjølv, som får feste. Me satsar no, all vår tid og kapital for å gjere prosjektet mogleg

ME har fått sterke aktører i ryggen som

- Agenda Vestlandet . Sparebanken Vest ( løyve midler)
- Norges Vel ( intensjonsavtale)
- Aritekthøgskulen i Bergen ( praktisk innvolvering)
- Biosfæreprosjektet i Nordhordaland

Alle desse har stor tru på oss og prosjektet.

Me håper på eit fruktbart, langvarig, konstruktivt samarbeid med Alver kommune for å arbeide mot felles mål.

Det er og planer i startgropa, om eit museum for kystkulturen i Nordhordaland, hos oss i Alverland. Her blir fiskarbonden og sjølvbergingskulturen i fokus. Me har starta samtaler med lokale krefter, der eit opplevelingssenter med kafe, overnatting og formidling er del av planen.

Vennleg helsing

Bart Lesaffre

Ida Bjørge

Chris Chapman

Bente Getz